

Referat møte i Team Hardanger (TH)
31.05.2023, kl 1000 - 1400, Brakanes hotel, Ulvik

Møtte:

Mona Hellesnes, Ulvik herad - leiar

Jan Tjosås, Kvam herad

Randi Rykkje, Ullensvang kommune

Lisbeth B. Celik, Eidfjord kommune

Sveinung Føllesdal, Næringshagen i Ullensvang

Administrasjon Hardangerrådet: Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo

Ikkje møtt:

Andreas Skogseth, Visit Hardangerfjord

Hardanger og Voss Næringshage

Gjest: Alexander Hillerich, Book Hardanger

Agenda:

10.00 - 12.30	Sakshandsaming
12.30 - 13.00	Besøk: Book Hardanger v/ Alexander Hillerich, dagleg leiar
13.00 - 14.00	Lunsj

Sakliste

1. Team Hardanger - strategi, mandat og mål

God diskusjon om arbeidet.

Vedtak:

Mål for arbeid med mandat TH: Strategi og mandat skal vera gjennomdrøfta og klart til Hardangerrådet sitt desembermøte i 2023.

2. Oppdatering prosjekt: Rekruttering i Hardanger - kva no?

Når det gjeld oppdrag rekrutteringsprosjekt frå Hardangerrådet og forespurt forankring i næringane, så viser TH til at dette arbeidet er igang i næringshagane, og at det er viktig å ikkje gjera noko parallelt. Her bør dei kobra Hardangerrådet på.

Vedtak:

Kommunane treng snarleg avklaring. Dette også fordi Team Hardanger skal arbeide med rekruttering. TH ber derfor administrasjon om å sende brev til Næringshagen i Ullensvang ved Sveinung Føllesdal, vedrørende det regionale rekrutteringsprosjektet som har fått midlar frå VLFK, med spørsmål:

- Skal prosjektet gjennomførast?
- Korleis innarbeide alle kommunane?
- Går det an å starte på nytt?

3. Hardangerkonferansen 2023

Gjennomgang av forslag til program pr.no. Det kom gode innspel som vert oversendt programkomiteen.

4. Status frå kvar kommune og næringsshagane.

Kvam:

Vanskeleg å vera turist i Hardanger i mars, få tilbud er opne. Folketalet går opp, har passert 8.500. Ser at unge kjøper hus og flyttar til. ENØK støtte er godt motteke med stor søkjarpågang.

Eidfjord:

Også her er ENØK støtte godt motteke med stor søkjarpågang. Godt driv i næringslivet og mange nyetableringar, som også søker næringsstøtte. Nye selskap er blandt anna Draupar sideri; Vik Bakeri; Eidfjord Shuttle Buss - lokal verdiskaping. Fjåk sjokoladefabrikk søker om salsløyve på fabrikk, og vil også ta imot turistar på omvising i sjokoladeproduksjonen.

Ullensvang:

Det går veldig bra! Melder om gode besøkstal for reiselivet. Men det er mange organiseringar og næringsaktørar i reiselivet. Kor effektivt blir det med så mange aktørar? Korleis få strategiske grep på dei riktige oppgåvene?

Ulvik:

ENØK satsing i private bustader. Har ei utlysing i året på næringsfondet. Det satsast enormt på frukt og nyplanting i Ulvik. Bustad og sesong hyblar er også i Ulvik ei stor utfordring. Joker Ulvik har avvikla, men ny butikk er under etablering i same lokale. Ingrid Presteard startar 01.06.2023, i felles prosjekt "Omstilling i reiselivet" for Ulvik herad og Eidfjord kommune. Dette er ei statleg tildeling og konsekvens av pandemien.

Næringshage i Ullensvang

Klart for utdanning for barnehagelærar og lærar i Odda. Dette er samlingsbaserte utdanningar. Viktig at søkjarar uten rett studiekompetanse får det, det vert det arbeidd med. Sjukepleierutdanning håpar ein også å få på plass snarleg, og ei ny digitaliseringsutdanning er i planleggingsfasen. Hydrogenhubben er aktiv.

5. Internasjonale samarbeid i kommunane - regionen.

Saka er utsett til neste møte. Ber alle om å senda inn sine internasjonale prosjekt til adm.

6. Innmeldte saker

Møtekalende haust 2023 - Utsett til neste møte - forslag frå adm. vert sendt til alle.

Ulvik 31.05.2023

Referent Jostein Eitrheim